



BOKN KOMMUNE
RÅDMANN

KOMM
FOR BEHANDLING

Kommunal- og regionaldepartementet.
v/ statsråden

0032 OSLO

Vår ref.:
07/638-6/K1-230//JEN

Dykkar ref.:

Dato:
18.02.2008

Særutskrift av formannskapet sitt vedtak i sak 006/08 - Høringsuttale.

Vedlagt oversendes særutskrift av formannskapet sitt vedtak i møte 05.02.2008 i sak 006/08 – Høringsuttale – ”Sørheim utvalgets” innstilling til nytt inntektssystem.

Innstilling til formannskapet ble oversendt departementet 29.01.2008.

Med helsing

for
Jan Erik Nygaard
rådmann

Gro A. Sørensen
Gro A. Sørensen
leiar i servicetorget

BOKN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	05.02.2008	006/08	JEN

Saksansv.: Jan Erik Nygaard	Arkiv: K1-230 Objekt:	Arkivsaknr 07/638
-----------------------------	--------------------------	----------------------

Høringsuttale - "Sørheim utvalgets" innstilling til nytt inntektssystem.

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	28.11.2007	Sørheim-utvalget	Rapport om endringer i inntektssystemet til kommunene.
2	I	28.11.2007	KS	Høring - rapporten fra Sørheimutvalget.
4	I	29.01.2008	Telemarksforskning.	Rapport frå Telemarksforskning vedr. endringer i inntektssystemet til kommunene.
5	U	29.01.2008	Kommunal- og regionaldepartementet.	Høring - Sørheimutvalget sin rapport om endringer i inntektssystemet til kommunene.

VEDLAGTE DOKUMENT: HØRINGSUTTALE FRÅ BOKN KOMMUNE TIL "SØRHEIMSUTVALGETS" FORSLAG TIL INNTEKTSSYSTEM.

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Bokn formannskap vedtar vedlagte høringsuttale til Sørheimsutvalgets forslag til nytt inntektssystem.

Formannskapet vil gi uttrykk for at ein er sterk kritisk til Sørheimsutvalgets sitt forslag til endring i inntektssystemet som vil få store, utilsikta og uføresette verknader for småkommunar som Bokn. Bokn kommune er den kommune i landet som vil få det største tapet på kr. 11.333,- pr. innbyggjar eller til saman kr. 8.726.000,- dvs. ei reduksjon på heile 26,7% i forhold til rammetilskott og skatt i 2006.

Me trur verken Departementet, Regjeringa eller politikaane på Stortinget meiner at endringar i regelverket skal få slike konsekvensar for nokon kommune.

Sørheimutvalget sitt forslag må ha hatt som utgangspunkt at det ikkje skal bu folk i småkommunar som Bokn i framtida. Noko som ikkje synes å vere i samsvar med dei signala Departementet gav kommunen i samband med kommunesamansluttingsprosessen kommunen var igjennom hausten 2006. Denne prosessen blei som kjend, avslutta med ei folkeavrøysting som gav eit klart uttrykk for at folk i Bokn ynskja at kommunen fortsatt skulle vere eigen kommune. Signala frå den politiske leiinga i Departementet i denne prosessen var like klåre: Det skulle ikkje vere redselen for ei svekking av kommuneøkonomien som skulle avgjere spørsmålet om kommunesamanslutninga.

Signala frå Sørheimutvalget om inntektsreduksjon i kommunen vil vere

- eit signal om at fråflytting er ynskjelig
- eit signal om at skuletilbod, helse- og omsorgstenester må byggjast ned
- eit signal om at tidligare tildelte skjønnsmidlar skal trekkast tilbake

Men det me treng er signal som skaper tryggleik for at Bokn kommune også i framtida skal vere ein god stad for busetting og utvikling.

For Bokn kommune er det viktig at blir utarbeidd eit regelverk som gir kommunen forutsigbarhet i forhold til framtidige inntekter, samtidig som kommunen får ei inntektsutvikling på linje med andre kommunar.

Bokn kommune vil difor be Kommunal- og regionaldepartementet ta omsyn til kommunens merknader ved utarbeiding av forslag til nytt inntektssystem og leggja fram konstruktive forslag som også tar vare på småkommunar som Bokn – gjerne gjennom eit eiga småkommunetilskott som mellom anna vist i høyringsuttalen frå kommunen.

Bokn, 25. januar 2008

Jan Erik Nygaard
Rådmann

05.02.2008 FORMANNSKAPET

FS-006/08 VEDTAK:

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedtatt.

18/
2-08

Gro Sørensen